

Kva:	Protokoll til møte nr. 03 i Langrennskomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 2. oktober 2023, kl. 19:00-21:00
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 16 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 17 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 02 23-25 i langrennskomiteen</i> <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 18 23-25 Sakliste Haustmøtet 21. oktober 2023</i> <i>SAK 19 23-25 Terminlista 2023-2024</i> <i>SAK 20 23-25 Nasjonale renn og meisterskap 2023-2024</i> <i>SAK 21 23-25 Rammer for budsjett 2024</i> <i>SAK 22 23-25 Årets eldsjel NSF langrenn</i> <i>SAK 23 23-25 Haustmøte NSF langrenn</i> <i>EVENTUELT</i>
Til stades:	Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Torstein Blikra, Eline Orheim, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Reidun Smørdal Hjelle
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 16 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 17 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 02 23-25 i langrennskomiteen

Bakgrunn

Protokoll nr. 02 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 02 23-25.



DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 18 23-25

Sakliste Haustmøtet 21. oktober 2023

Bakgrunn

Viser til vedtak i sak 14 23-25 langrennskomiteen om å ta sakliste til Haustmøte opp igjen i neste komitémøte.

Skikrinsstyret har gjort vedtak om å avvikle Haustmøte 21. oktober 2023 på Hotel Alexandra i Loen, med følgende rammeprogram:

- | | |
|------------------|-------------------------|
| Kl. 12:00: | Frammøte og enkel lunsj |
| Kl. 13:00-14:15: | Fellesdel |
| Kl. 14:30-17:00: | Greinvise fagmøter |

Tidlegare har langrennskomiteen delt saklista i informasjonssaker som blir sendt ut på førehand og diskusjonssaker som vert prioritert tidsmessig på haustmøtet. På langrennskomiteen sitt haustmøte 2022 hadde ein følgjande sakliste:

Informasjonssaker:

- Nasjonale renn 2022-2023
- Krinslaget 2022-2023
- Breiddesamlingar 2022-2023
- Orientering frå Haustmøtet NSF langrenn
- Team Elon Vest
- Økonomi/ marknad

Diskusjonssaker:

- Terminlista 2022-2023
- Gode arrangement

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

Diskusjonssaker:

- Rekruttering
 - o Breiddesamlingar 2024
 - o Kommunikasjon
- Arrangement
- Terminliste 2023/2024
- Nasjonale renn 2023-2024

Informasjonssaker:

- Krinslaget 2023-2024
- Nasjonale renn 2023-2024



- Team Elon Vest og Team SørVest 2023-2024
- Økonomi/ marknad
- Orientering frå Haustmøtet NSF langrenn

SAK 19 23-25

Terminlista 2023-2024

Bakgrunn

Rammer for terminlista 2023-2024 vart lagt fram og diskutert i samband med skikrinsen sitt Vår møte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga, med svarfrist 1. oktober 2023.

Pr. 28. september er det komt følgjande innspel til terminlista:

1) IL Vetten v/Odd Arne Bergset

Hei!

Eg ser i forslaget til terminlista at Vettenrennet er satt opp samme helg som det er KM i skiskyting på Ullsheim og futsal KM kvalik. Er det mogleg at vi kan flytte vettenrennet til ei anna helg? Trur vi tapar veldig mange deltakarar til KM i skiskyting..

Vi har dessverre ikkje mulighet til å arrangere rennet 10-11 feb, 17-18 feb og 24-25 feb. Dette grunna at det ikkje er idrettslaget vårt som driftar senteret,

og det er utleigd desse helgane. Men vi har mulighet alle helgane i januar samt dei 2 første helgane i mars. Vi har også mulighet 3-4 feb, men som sagt er det jo litt dumt at det kolliderar med KM i skiskyting på Ullsheim.

Mvh
Odd-Arne Bergset
IL Vetten

2) Sogndal IL v/Morten Bøthun

Hei!

Når det gjeld Sogndal sine renn oppsette renn så tenkjer vi slik:

* Nyttårsrenn 30.des? Det rennet uttgår. Det ynskjer vi ikkje å arrangere. Fleire er bortereist i nyttårshelga og forholda då er ofte sånn passe. I tillegg reiser mange frå Sogn til Nyttårsrennet på Beitostølen som er 30.des. Konklusjon: Vi droppar nyttårsrenn i Sogndal

* KM helga 26-28.jan: Vi er klare. Gledar oss. 3 dagars helg. Skøyting distanse fredag, Sprint klassisk laurdag, Klassisk distanse søndag. Dette skal vi gjera til supre arrangement!



Reknar med at overnatting på fleire sunnfjordingar og nordfjordingar på Quality Sogndal Hotell og bankett på Quality Sogndal Hotell laurdag kveld. (Forstod det slik at overnatting og bankett var i "skikrins regi", sidan vi fekk rekning frå skikrins i etterkant når det var KM i Førde i 2023)

* SSF karusell laurdag 3.februar i Sogndal droppar vi. Å få eit nytt renn helga etter eit 3-dagarsrenn, er ikkje attraktivt og dugnadsfolket er nok leie då. Så stryk det rennet.

Andre innspel til terminlista:

Har fått bekrefta at helga 3.-4.febr er det *Ungdommens Holmenkollrenn*. Då reiser 13-14 år dit. Så SSF cup renn 4.febr er nok litt dumt då. Når det i tillegg er KM skiskyting i Markane denne helga 3-4.febr og ein hadde tenkt å arrangere SSF cup i Veten så var kanskje ikkje den kombinasjonen så lur heller i utgangspunktet.

Set pris på at det helga 20.-21.januar ikkje har oppsett SSF cup renn. Då er det *Oslo Skifestival* i Holmenkollen, og dette er Norges største breidderenn i langrenn 8-16 år. Mange frå Sogndal kjem til å reise dit, og det pleier også vera deltakarar frå Førde der.

Forslag: Kan ein flytte SSF Cup Veten Klassisk til enten laurdag 6.januar eller søndag 14.januar. Beste alternativ er nok laurdag 6.januar.

Elles så registerer vi at det er to renn i vinterferieveka. Dette er generelt mindre populært og fører ofte til litt svakare deltaking. Men flott at dykk i såfall tek første laurdagen og siste søndagen i veke 8.

Litt usikker på om vi likar duatlon fordi det krev at ein må ha kombisko, noko mange av dei yngre ikkje har. (Var ei problemstilling under vestlandsmeisterskapet 2023 for enkelte av løparane). Kunne likegodt vore reint klassisk renn individuell start. Hadde finalen vore klassisk renn så hadde det vorte 3 klassisk og 3 fristil på både junior og rekrutt. For dei under 13 år, så får dei ikkje lov å gå duatlon/fellestart, og blir det då fristilsrenn individuellstart for dei opp til 12 år, så blir SSF cup 11-12 år bestående av 4 fristilsrenn og 2 klassisk renn. Og det er ikkje likt fordelt. Når eine klassisk rennet også er ein sprint så blir det eigentleg enno større skilnad. Samtidig er duatlon/fellesstart spennade renn. Kanskje vore arrangert for juniorane?



Men hadde dykk gitt KM klassisk SSF cup status, som det var før, så kunne det blitt 50/50 klassisk/fristil renn og så kunne ein hatt SSF cup finalen som dualton og SSF renn nr 7 i cupen. Berre ein tanke :-)

Elles fin flyt i terminlista i forhold til renn og god variasjon i stilartar. Også fint med ekstra sprintkonkurransar og sprintstafett

Mvh
Morten Bøthun
Sogndal IL

3) Gaular IL v/Bodil Ryste

Hei!

Her kjem litt tilbakemeldingar frå GIL:

Det er bra at det er lagt opp til variasjon i ulike typar renn, men eg ser at det gjerne er lagt til dagen etter ein SSF cup (døme Stryn) eller at det er utanfor SSF-cupen (av det eg kan sjå har ikkje junior teljande sprintrenn i cupen). Eg trur at med slike renn som "ekstrarenn" så blir dei gjerne ikkje prioritert og det blir få deltakarar. Kanskje det første rennet etter nyttår i Førde kunne vere eit sprintrenn i staden for ein sprintstafett? Evt teljande i SSF-cup? Sjølv om det er veldig bra og spennande med varierte konkurranseformer, kan mogleg duathlon blir krevjande for føresette mtp fleire skipar.

Det bør ikkje vere SSF rekrutt-cup samtidig med Ungdommens Holmenkollrenn (3-4 feb). Litt i stuss på om det er lurt med Vestlandsmeisterskap helga etter Ungdommens Holmenkollrenn, mtp reising, men forstår sjølv sagt at Vestl.m. er for fleire aldersgrupper enn 13-14.

Kva inngår i fellesrenn Haugen?

Mvh Bodil Ryste
Gaular IL (svaret er gått gjennom på epost med gruppestyret).

4) Førde IL langrenn v/ Yngve Thorsen

Hei,

Beklager noko seint svar frå Førde IL i høve terminlisteprosessen:

Her følgjer FIL Langrenn sitt vedtak i saka:

VEDTAK/ OPPFØLGING

Styret gjer vedtak om å gje følgjande tilbakemelding til skikrinsen i høve terminlisteprosessen:



- *Distanserenn på Langeland, 06. januar 2023
(dette som eit tillegg til sprintstafetten 07. januar 2023.*
- *SSF Cup Rekrutt bør ikkje samanfalle med Ungdomens Holmenkollrenn (jf. SSF Cup IL Vetem, 04. februar 2023)*
- *Kalsetrennet 2024 får status som KM langdistanse*
- *Med bakgrunn i kollisjon med Birken/ Ungdomsbirken kan SSF Cup Finale flyttast frå 16. mars 2023 til etter påske.*

Helsing FIL Langrenn

Yngve Thorsen Leiar

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande endringar i terminlista:

- 1) SSF Cup førjulsrennet vert lagt til Hodlekve, arr. Sogndal IL, og endra til klassisk stil
- 2) Nyttårsrenn vert lag til Vik
- 3) Sprintrenn Langeland søndag 7. januar vert endra til distanserenn
- 4) SSF Karusell/ skicross 3. februar: Arr. Sogndal IL går ut, ÅTIL/ Jotun IL flytta frå 10. mars til 3. februar
- 5) SSF Cup Vetemrennet vert flytta frå 4. februar til 3. mars
- 6) Arr. til Vestlandsmeisterskapen endra frå Voss til Korlevoll
- 7) SSF Cup Tua vert flytta frå 3. mars til 16. mars
- 8) SSF Cup avslutning Langeland vert flytta til 6. april

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om at terminlisteprosessen vert gjennomført med digitalt terminlistemøte måndag 16. oktober og at terminlista blir vedtatt på Haustmøte 21. oktober 2023. Til desse møta ønskjer ein i tillegg å drøfte distansar, og bruk av reservearrangørar.

SAK 20 23-25

Nasjonale renn og meisterskap 2023-2024

Bakgrunn

Oversikt over logistikken i samband med nasjonale renn og meisterskap 2023-2024 vert presentert i møtet.

Forøvrig vil Norges Skiforbund reservere overnatting/ innkvartering for samtlege krinsar i samband med følgjande arrangement:

- Norges Cup jr. Lygna, 19.-21. januar 2024
- Norges Cup jr./ NM sprint jr. Trondheim, 16.-18. februar 2024



- Hovudlandsrennet Gålå, 01.-03. mars 2024
- NM jr./ Norges cup jr. Nybygda, 08.-10. mars 2024

Innkvarteringa frå Norges Skiforbund blir gjort med fordelingsnøkkel 1/3 (1 støtteapparat per 3. løpar)

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklara antal og kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande opplegg:

NorgesCup senior:

- Team SørVest administrera opplegg sjølv

NorgesCup junior:

- Adm. følgjer opp innkvartering i høve Skiforbundet sine reservasjonar.
- Støtteapparat består av 1 hovudleiar og 2-3 personar i smøreteamet (organisering av smøreteam er med atterhald og blir drøfta i haustmøte/ seinare LK-møte)

Hovudlandsrennet:

- Adm. følgjer opp innkvartering i høve Skiforbundet sine reservasjonar.
- Støtteapparat som dekkar Skiforbundet sitt krav til felles smøreopplegg.

SAK 21 23-25

Rammer for budsjett 2024

Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett til langrennskomiteen for 2024 er lagt ved som eige vedlegg. Skikrinsen sitt budsjett for 2024 blir vedtatt på møte i Skikrinsstyret i utgangen av 2023.

LANGRENNSKOMITEEN

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for langrennskomiteen 2024 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 1 562 000,- og årsbudsjetterte driftskostnadar på kr. 1 562 000,-.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 392 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 30 000,- i lisensar/ rennavgifter, nedjustert frå kr. 50 000,- frå budsjett 2023.



Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 458 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totaltsett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ib. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr -121 000.

Cup/ SSF Cup

Ib. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 60 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 65 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 1 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 3 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel, då det er gjort avtale med andre kretsar om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 115 000,-.



Krinslag

På krinslaget er det budsjettet med kr. 300 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), noko under budsjett for 2023.

Vidare er m.a. budsjettet med kr. 130 000,- til krinslagsbekledning og kr. 175 000,- til overnatting.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. - 150 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å innstille adm. sitt framlegg til budsjett for vedtak i skikrinsstyret, med følgjande endringar:

- 1) Kostnadar med nasjonale renn og meisterskap for senior blir redusert. Desse kostnadane blir lagt inn som krinsstønad til samarbeidslaget Team SørVest.
- 2) Innspel om meir beskrivande namn til rekneskapspostane.

Adm. følgjer opp endringar i budsjett for 2024.

SAK 22 23-25

Årets ildsjel NSF langrenn

Bakgrunn

Viser til e-post sendt frå Erik Husby v/ NSF langrenn måndag 25. september:

«Hei dere,

Langrennskomiteén kårer hvert år en eller flere "ildsjeler" og en "årets langrennklubb" etter forslag fra skikretsene og fra andre i langrennsmiljøet. I år oppfordrer vi hver krets til å innstille minst én kandidat hver.

Se kriterier årets ildsjel og langrennklubb i vedlegg.

Nominasjoner sendes til meg, med begrunnelse innen 06.10.22.»

Kriteria er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande framlegg til kandidatar:

Årets ildsjel:

- Kjetil Bjørset, Førde IL

**Årets langrennsklubb:**

- Ingen aktuelle

SAK 23 23-25**Haustmøte NSF langrenn****Bakgrunn**

NSF langrenn avviklar sitt Haustmøte 13.-14. oktober 2023 på lokale ved Ullevål Stadion og Hotel Scandic Helsefyr.

Frist for reservasjon av overnatting er tysdag 3. oktober.

Drøftingssak til Haustmøte NSF langrenn:

- Utval for lagstruktur

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at komitémedlemmar som ønskjer kan reise på NSF langrenn sitt Haustmøte.

Vidare ønskjer komitéleiar tilbakemelding frå resten av komiteen i høve sak om utval for lagsstruktur. Komiteen følgjer opp dette per e-post i framkant av møtet.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef